

# REFORMASJON 500 år

## Ressurshefte

8. mars gudstjeneste 2017



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet



# Innledning

---

## 8. mars-gudstjenesten 2017

I mange menigheter er det tradisjon for å feire gudstjeneste på kvinnedagen 8. mars. Og i 2017, hvor markeringen av reformasjonen er et gjennomgående tema i kirke- og gudstjenesteliv, vil mange finne det meningsfullt å feire 8. mars-gudstjeneste med reformasjonen og reformasjonsmarkeringen som et historisk og tematisk bakteppe. Selv om Luther ikke var noen feminist, og kjønnsinkluderende språk slett ikke har gjennomsyret reformasjonen, har den likevel aksjer i likestillingskampen. Uten reformasjonen ville vi neppe vært i stand til å fremme idealet om et likeverdig og likestilt samfunn, og heller ikke greid å nå målet om en kirke hvor alle kjønn kan ha lederoppgaver. De aksjene kan vi be og takke for, og de aksjene kan vi utfordre og bygge videre på.

Kirkerådet presenterer her et ressursmateriale som kan brukes når årets 8. mars-gudstjeneste skal planlegges. I ressursmaterialet finnes forslag til salmer. Dagens bønn og forbønn. De foreslåtte bibeltekstene har en tematikk som lett kan løftes inn i 8. mars-feiringen.

Tekstgjennomgåelser vil bli publisert i Luthersk kirketidende og Nytt Norsk kirkeblad. Bakgrunnsstoff finnes også i artikkelen «Reformasjon og feministisk teologi» som er skrevet av Birgitte Lerheim. Alle kan fritt velge hvilke ledd, bønner, salmer og tekster som skal brukes, og om det er lokale kampsaker som skal markeres 8. mars, kan de tas med i gudstjenesten.

Men hva betyr reformasjonen for kirkens kvinner i dag? 50 kvinnelige teologer og prester har blitt utfordret til å fortelle om sitt forhold til Luther og reformasjonen. Disse tekstene vil bli lagt ut på nettstedet [www.reformasjon2017.no](http://www.reformasjon2017.no) fra midten av januar fram til 8. mars, og vil gi ytterligere inspirasjon til kvinnedagens gudstjeneste.

Kirkerådets arbeidsgruppe har bestått av Merete Thomassen, førsteamanuensis i liturgikk ved Det praktisk-teologiske seminar, Gry Friis Eriksen, rådgiver på Oslo bispedømmekontor og leder av Norsk kvinnelig teologforening, Vidar Kristensen, prosjektleder for reformasjonsjubileet 2017 og Turid S. Myrholt, seniorrådgiver, Seksjon for diakoni og samfunn i Kirkerådet.

Synnøve Hinnaland Stendal, Kirkerådet, og Anne Hilde Laland, prost, deltok også i arbeidsgruppen i første fase av arbeidet.

# Tekster og bønner/bøner

Bokmål og nynorsk

---

## Tekster

Joel 3, 1-5 a

1 Kor 12,12-17

Luk 18. 1-7

## Bønner/bøner

Forkortelser/forkortingar:

L – liturg

ML – medliturg

A - alle

## Dagens bønn (bm)

Liturg: La oss be.

Nådige Gud, du som har skapt oss til å leve i rettferd og fred, vi ber deg:  
Velsign alle som kjemper mot urett og undertrykkelse, og hjelp  
mennesker i alle land til deres rett, så ingen lider nød. I Jesu Kristi navn.

Alle: Amen

## Dagens bøn (nn)

Liturg: Lat oss be

Nådige Gud, du som har skapt oss til å leve i rettferd og fred, vi bed deg:  
Velsign alle som kjempar mot urett og undertrykking, og hjelp menneske  
i alle land til deira rett, så ingen lid naud. I Jesu Kristi namn.

Alle: Amen

## Forbønn (bm)

L: La oss be for kirken og verden

L/ML: Gud, vår skaper, vi takker for deg for jorden du har gitt oss å  
forvalte. Vi ber for skaperverket. Lær oss å ta vare på naturen så vi ikke  
ødelegger den. Stans vår rovdrift før det er for sent, og beskytt oss mot

vår egen grådighet så vi deler dine gaver rettferdig mellom oss og ikke utarmer jorden.

(Vi ber for.... Aktuelle bønneemner kan føyes til)

Det ber vi deg om, vår Gud.

A: Bønnesvar

L/ML: Gud, vårt vern, vi takker deg for Den hellige ånd som åpner våre øyne for urett og viser oss rettferdighetens vei. Vi ber for alle som lider. Vær vern og ly for dem som er rammet av krig, sult og nød, og for alle som er drevet på flukt fra sine land og hjem. Vi ber for de ensomme, sørgende og redde, og for alle som føler at livet ikke har mening. La kirken være et hjem for alle ulykkelige, og la den være en stemme for de svake og undertrykte.

(Vi ber for.... Aktuelle bønneemner kan føyes til)

Det ber vi deg om, vår Gud.

A: Bønnesvar

L/ML: Gud, vårt håp, vi takker deg for at du har skapt alle mennesker i ditt bilde og gitt oss samme verdighet. Takk for den internasjonale kvinnedagen der vi sammen med deg kan tale uretten midt imot. Vær særskilt hos kvinner og jenter som mishandles og undertrykkes. La oss med din hjelp bygge et rettferdig og fredelig samfunn.

(Vi ber for.... Aktuelle bønneemner kan føyes til)

Det ber vi deg om, vår Gud.

A: Bønnesvar

L/ML: Gud, du som er større enn våre tanker og ord, vi takker deg for Martin Luther og alle som gjennom tidene har kjempet for å forstå evangeliet på nytt. Vi takker deg for at vi kan lovsynge deg og lese ditt ord på vårt eget språk, og for at kvinner og menn kan stå sammen i tjenesten for deg. Vi ber for din kirke i hele verden. Vern dem som forfølges for sannhetens skyld. Vi ber for alle som tror annerledes enn oss selv og søker deg i andre religioner. Gjør oss ydmyke når vi møter det vi ikke forstår.

(Vi ber for.... Aktuelle bønneemner kan føyes til)

Det ber vi deg om, vår Gud.

A: Bønnesvar

L: I stillhet vil vi legge fram for deg det hver og en har på hjertet.

(Stillhet)

L: Gode Gud, takk for at du hører når vi ber. I tillit til din omsorg overgir vi oss selv og våre bønner til deg. Amen

(Hvis det ikke er nattverd, avsluttes forbønnen med Fadervår)

**Forbøn (nn)**

L: Lat oss be for kyrkja og verda.

L/ML Gud, vår skapar, vi takkar for deg for jorda du har gjeve oss å forvalte. Vi bed for skaparverket. Lær oss å ta vare på naturen så vi ikkje øydelegg han. Stans rovdrifta vår før det er for seint, og vern oss mot vår eiga grådighet så vi deler gåvene dine rettvist mellom oss og hindrar atjorda blir utarma.

(Vi bed for.... Aktuelle bøneemne kan føyast til)

Det bed vi deg om, vår Gud.

A: Bønesvar

L/ML: Gud, vårt vern, vi takkar deg for Den heilage ande som opnar augo våre for urett og viser oss den rettvide vegen. Vi bed for alle som lid. Ver vern og ly for dei som er ramma av krig, svolt og naud, og for alle som er drivne på flukt frå landa og heimane deira. Vi bed for dei einsame, sorgjande og redde, og for alle som kjenner at livet ikkje har meining. Lat kyrkja vere ein heim for alle ulukkelege, og lat ho vere ei røyst for dei svake og undertrykte.

(Vi bed for.... Aktuelle bøneemne kan føyast til)

Det bed vi deg om, vår Gud.

A: Bønesvar

L/ML: Gud, vårt håp, vi takkar deg for at du har skapt alle menneske i ditt bilete og gjeve oss same verdighet. Takk for den internasjonale kvinnedagen der vi saman med deg kan tale uretten midt imot. Ver

særskilt hos kvinner og jenter som blir mishandla og undertrykte. Lat oss med di hjelp byggje eit rettvist og fredeleg samfunn.

(Vi bed for.... Aktuelle bønemne kan føyast til)

Det bed vi deg om, vår Gud.

A: Bønesvar

L/ML: Gud, du som er større enn våre tankar og ord, vi takkar deg for Martin Luther og alle som gjennom tidene har kjempa for å forstå evangeliet på ny. Vi takkar deg for at vi kan lovsynge deg og lese ordet ditt på vårt eige språk, og for at kvinner og menn kan stå saman i tenesta for deg. Vi bed for di kyrkje i heile verda. Vern dei som blir forfølgde for sannings skuld. Vi bed for alle som trur annleis enn oss og søker deg i andre religionar. Gjer oss audmjuke når vi møter det vi ikkje forstår.

(Vi bed for.... Aktuelle bønemne kan føyast til)

Det bed vi deg om, vår Gud.

A: Bønesvar

**L:** I stille vil vi leggje fram for deg det kvar og ein har på hjartet.

(Stille)

L: Gode Gud, takk for at du høyrer når vi bed. I tillit til omsorga di overgjev vi oss sjølve og bønene våre til deg. Amen

(Hvis det ikkje er nattverd, avsluttast forbønen med Fadervår)

## Salmeforslag

---

### 88 Guds Son i krubba funnen

Grunnen til å synge denne salmen på 8. mars i reformasjonsjubileumsåret, er ikke salmens tema (jul). Derimot er andre gode grunner: Dette er den eldste salmen i *Norsk salmebok 2013* som er skrevet av en kvinne, og denne kvinnen levde i Luthers nærmeste omgangskrets og skrev salmer på hans oppfordring.

Elisabeth Cruciger (1504–1535) var nonne, men forlot klosteret og kom inn i den nærmeste kretsen omkring Luther i Wittenberg. Hun var venninne med Luthers kone, Katharina von Bora. Hun giftet seg med Caspar Cruciger, som Luther i studietiden nærmest hadde behandlet som en sønn. Cruciger avanserte til å bli professor i teologi i Wittenberg. Elisabeth var svært glad i sang og musikk, og da hun var omkring 20 år gammel, skrev hun teksten til «Guds Son i krubba funnen». Det er den eneste salmen som er bevart etter henne. Hun døde da hun var litt over 30 år gammel.

### 108 Vår Gud han er så fast en borg / Vår Gud han er så fast ei borg

Martin Luthers salmer bidro sterkt til at reformasjonens tanker spredte seg med stor fart i årene etter 1517. Salmene hadde slik effekt at en av hans motstandere, jesuitten Adam Contzen, sa allerede i 1520: «Luthers sanger har ødelagt flere sjeler enn alle hans skrifter og taler!»

Dette ble sagt allerede mange år før Luther skrev tekst og melodi til den mest berømte av salmene han står bak: «Vår Gud han er så fast en borg». Teksten tar utgangspunkt i Salme 46 i Bibelen: «Gud er vår tilflukt og vår styrke, en hjelp i nød og alltid nær ... Herren Sebaot er med oss, Jakobs Gud er vår faste borg.»

Dette er den mest brukte Luther-salmen i Norge. Den har stått i alle lutherske kirkesalmebøker her i landet, i de fleste kristne sangbøkene og i mange andre kirkesamfunns salmebøker. Den er også blant de åtte Luther-salmene i den katolske salmeboka *Lov Herren* fra år 2000.



### 303 Du spenner ut stjerneteltet

I 2008 var Norsk kvinnelig teologforening 50 år. Til jubileet skrev sokneprest Anne Dalen boka *Norsk kvinnelig teologforenings historie 1958-2008: interesseforening, plogspiss og vaktbikkje*. Der siterer hun et salmevers: «Vi villblomster i Guds hage, / vi vet at vi visner en gang. / Men selv den mørkeste klage / kan du forvandle til sang. / Vi løftes mot lyset og dagen / med røtter i jordens fang. / All skapningen lover deg, / du viser den rette vei.»

Så skriver Anne Dalen videre: «Disse ordene fra Åse-Marie Nesses salme 'Du spenner ut stjerneteltet' fra 1990, er en salmestrofe mange kvinnelige prester og teologer synger med gjenkjennelse. Kvinnelige teologer og kvinnelige prester har de siste 50 årene i varierende grad erfart at de har vært 'villblomster' i Den norske kirke. For 50 år siden var det ingen selvfølge at de skulle eller kunne ha sin tjeneste i kirken.» Slik kan en salme som i utgangspunktet handler om alle mennesker, også brukes til å tolke situasjonen til en mindre gruppe, i dette tilfellet kvinnelige prester i Norge.

### 364 Så kom du da til sist

1. januar 2000 ble denne salmen framført for første gang – som den svenske millennium-salmen. Den hadde tittelen «Innan gryningen», som er sangens siste ord – «før morgengry». Teksten er skrevet av den svenske poeten Ylva Eggehorn, som ble kjent i hele Skandinavia da hun fikk utgitt sin første diktsamling som 13-åring i 1963. Siden har hun vært en betydningsfull stemme i svensk kulturliv. Musikken til salmen er skrevet av Benny Andersson fra den svenske popgruppa ABBA.

Salmen handler om at Gud selv kom til jorden som et menneske. Det bryter med bildet av Gud som den opphøyde, himmelske verdensherskeren. Gud kom ikke til jorda med kraft og makt, slik mange ventet. Gud kom som et barn, totalt annerledes enn den opphøyde «skryteguden» som kirken ofte har framstilt, når den har «flagget» med Guds navn og bygd store katedraler. Mens mennesker har sett oppover, har Gud gått ned til de minst privilegerte.

#### **415 Alltid freidig når du går**

Christian Richard var en dansk forfatter som ble født i København i 1831. I 1867 skrev han et eventyrspill om Tornerose. Ridderen kan ikke trenge gjennom den høye tornehekk med sverd, med da han spiller på en harpe, åpner det seg en inngang for ham. Da han går over vindebroen sier han: «Nå vil jeg stemme i den lille visa som min far lærte meg da jeg var væpner.» Og så synger han «Alltid fredig når du går».

I København hadde Natalie Zahle drømt om å skape bedre utdanningsmuligheter for jenter. Hun så på kvinner som nyttige samfunnsressurser, ikke bare skapt for huslige sysler. I 1852 startet hun en egen pikeskole i København, N. Zahles skole. Det fortelles at hun bad Christian Richard om tillatelse til å bruke «Alltid freidig» som frittstående sang på skolen, koplet med Weyses melodi. Det fikk hun. Dermed var det unge jenter som først fikk styrket selvtillit gjennom sangen vi nå har som salme i salmeboka.

#### **439 Aejlies gåatan bæetebe laavloen / Fyll Guds hus med sang til hans ære**

Da det ble vedtatt at samiske salmer skulle være med i salmeboka, ble det også bestemt at det skulle være like mange på hvert av de tre samiske språkene: nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Redaksjonsgrupper innenfor hvert av de tre språkområdene stod for utvalget av disse salmene.

Like før salmeboka skulle trykkes i 2013, nektet en rettighetshaver bruk av en av salmene. Den sørsamiske redaksjonsgruppa fikk ikke mange timer på seg til å finne en ny salme, slik at det fortsatt kunne være like mange på hvert språk. De plukket ut «Aejlies gåatan», en flott salme om gudstjenesten, med en melodi som har et tydelig samisk tonespråk. Det ble den siste salmen som kom med i salmeboka. Det viste seg at dette gav et lykkelig resultat, for «Aejlies gåatan» er antakelig den sørsamiske salmen som er blitt mest brukt – også utenfor samiske miljøer.

#### **479 Fordi han kom og var som morgenrøden**

Sangen kommer fra Argentina. Teksten er skrevet av Frederico José Pagura, som var biskop i metodistkirken i Argentina til han gikk av med pensjon. I Skandinavia kalles sangen gjerne «Håpstango». Det var den danske salmedikteren Holger Lissner som oversatte sangen til dansk, og

så bygger den norske og svenske versjonen på hans danske oversettelse. Estrid Hessellund som står bak den norske teksten, er opprinnelig dansk, men har bodd i Norge i en årrekke.

Sangen forteller om hvordan Jesus møtte mennesker da han gikk omkring på jorda, og hvordan Den hellige ånd møter mennesker i dag. Begge deler gir kraft til å holde ut i vonde tider. Gud er nær også i lidelsen, derfor «kan vårt brutte håp som solen stige». Sangen er full av tillit til at Guds rike er til stede her og nå. Det er også en viktig tanke på 8. mars.

### **536 Guds menighet er jordens største under**

Ronald Fangen var den første norske forfatteren som ble fengslet av de tyske okkupantene i oktober 1940. Han var svært syk under fangenskapet og ble frigitt i juni 1941.

Etter dette fikk han i oppdrag å skrive tekst til en kantate til Det Norske Misjonsselskaps 100-årsjubileum som skulle feires i august 1942. Arild Sandvold skulle skrive musikken.

En av sangene i kantaten er «Guds menighet er jordens største under!». Teksten har mange spor av at den er skrevet midt under andre verdenskrig. Her er det snakk om «verdensriker» som oppstår og går til grunne. Fangen ser fram til «dagen da alt hat skal smelte». Og «er natten lang, er kampen full av kvaler», så er Guds løfte tydelig: «du skal ha trengsel / men kjemp frimodig – se jeg kommer snart.»

I salmeboka er Sandvolds opprinnelige melodi med, men også en nyere melodi av Anfinn Øien, som nå er blitt den mest brukte.

### **541 Det fins et hellig kall til å forandre**

Det er ikke ofte en sang blir til på samme måte som denne. Både tekst og melodi ble laget som et gruppearbeid på et seminar i Brasil i 1983.

Hensikten med seminaret var å skape evangeliske sanger som brukte elementer fra brasiliansk kultur. Det var seks komponister og teologer med i gruppa, og alle bidro aktivt i utformingen av denne sangen. Musikken er laget i sjangeren Marcha-Rancho, som særlig blir brukt under karnevalsparader. I Brasil er det vanlig å benytte ulike perkusjonsinstrumenter til slike sanger.

Reformasjonen førte til forandring både i kirke og samfunnsliv – og for kvinner og menn. Denne sangen handler om kallet til å skape

forandring, slik at fred og rettferdighet kan få fotfeste der urett hersker. Det er et godt 8.-mars tema.

### **618 Vi er et folk på vandring**

Den svenske forfatteren Britt G. Hallqvist er den kvinnen som har desidert flest salmer i *Norsk salmebok 2013*. Hun levde fra 1914 til 1997. Hun er aller mest kjent for sine barnesalmer og barnedikt, men også for flere bibelspill som hun laget sammen med den norske komponisten Egil Hovland. I 1983 ble hun utnevnt til æresdoktor i teologi ved Universitetet i Lund.

«Vi er et folk på vandring» er en av mange salmer som Hallqvist og Hovland har laget sammen. Salmen er som et kinderegg, tre ting på en gang. Det er en *pilegrimssalme* som handler om Guds folk på vandring gjennom livet. På vandringen trenger en rasteplasser, en eng og en kilde. Det kan leses bokstavelig eller som et bilde på gudstjenesten, et fristed for bønn og sang. Det gjør salmen til en *gudstjenestesalme*. Mer spesifikt er den også en *nattverdsalme*, som sier at de som er på vandring, søker styrke i vin og brød.

### **727 Lysenes Gud, kjærlighets kilde**

Shirley Erena Murray (f. 1931) fra New Zealand har vært blant verdens fremste salmediktere i mange år. Hun har studert klassiske fag og fransk, og har arbeidet med forskning og undervisning. Hun begynte å skrive salmer på 1970-tallet, og flere av dem er blitt oversatt til ulike europeiske og asiatiske språk. I 2015 var hun representert i mer enn 140 salmebøker på verdensbasis. I *Norsk salmebok 2013* er fire av salmene hennes med.

Salmene til Murray er ofte svært aktuelle. Hun skriver om menneskerettigheter, om vern av skaperverket, om barns oppvekstkår og vold mot kvinner. Denne salmen peker på hvordan vi setter til side kjærligheten på område etter område, slik at relasjoner ødelegges og det gode livet går tapt. Når vi synger den, ber vi Gud om nåde og kraft til å forandre livsførsel: «Omskap oss, Gud, vis verden nåde.»

# Bakgrunnsstoff

---

8. mars-gudstjenesten i 2017 vil stå i reformasjonsjubileets tegn. Arbeidsgruppen har derfor bestilt en artikkel for å gi et faglig innspill som kan belyse forholdet mellom Martin Luther og dagens feministteologi.

## Reformasjon og feministisk teologi

### Naming and blaming?

Reformasjonen og Luther får med jamne mellomrom– skulda for alt som er vondt her i verda og særskilt i Europa. Dette gjeld ikkje minst spørsmål knytte til kjønn og likestilling. Vi kjenner vel alle meir eller mindre verifiserte Luther-sitat som handlar om at vitsen med at det finnest kvinner, er at dei føder menn og at kvinna sitt breie bakparti er eit teikn på at ho skal sitte nett på baken og passe huset sitt. Sitat som dette har hatt si verknadshistorie og blir ofte nytta både av feministar og av religionskritikarar som bevis på at reformasjonen var ei katastrofe for kvinner og at han ikkje bør ha noko å seie i dagens teologi og samfunn.

Men er det så enkelt? Eg ser to hovudspørsmål springe ut frå dette fenomenet: Er sitat som dette historisk sett alt som er å seie om kjønn, Luther og reformasjonen? Og kan, og i så fall korleis, sentrale motiv frå reformatorisk teologi vere ressursar for feministisk teologi i dag? Svara på begge spørsmåla er prega av tvisyn.

### Kva veit vi om kvinnepraksisar og kvinnesyn under reformasjonen?

Luther var ingen feminist i dagens tyding av ordet. Å bruke dette ordet i ein analyse av praksisar og tenking på reformasjonstida er anakronistisk. Heller er det ikkje alltid samsvar mellom kva som blir sagt og tenkt og kva praksisar som faktisk gjekk føre seg. Når det er sagt, kan vi i og med reformasjonen peike på nokre viktige endringar i høve kvinner si stilling:

Ved reformasjonen mister for det første kvinner den alternative livs- eller karrierevegen som gjekk gjennom klosterlivet. Forskarar har peika på denne som eit høve til eit liv der kvinna kunne etablere seg ein posisjon fristilt frå det hierarkiet slekt og familie utgjorde. Rett nok måtte ho underlegge seg eit anna hierarki, nemleg det kyrkjelege. Maria og andre kvinnelege helgenar si sentrale stilling i kyrkja vart også endra,

noko som kan ha påverka både praksisar og syn på kvinner, ifølgje einskilde forskarar.

Ved å avskaffe skiljet mellom geistlege og "dei andre" oppvurderer Luther det alminnelege, kvardagslege tenesta menneske gjer i sine respektive roller og kallar jamvel slikt arbeid for heilagt. Husstanden og ekteskapet blir primæreininga i samfunnsveven og med dette blir kvinna sitt daglege arbeid sett på som noko viktig og grunnleggande på line med alt anna arbeid. På den andre sida blir nett dette arbeidet innskrenka til husstand og ekteskap – institusjonar der mannen var hovudet. Og det å leve i ekteskap og føde barn er her idealet. Samstundes er det at ekteskapet blir endra frå å vere eit sakrament til å vere ei borgarleg juridisk ordning. Dette opna etterkvart for skilsmisse på andre måtar enn før, men sjølv var Luther så kritisk til skilsmisse at han ein stad skriv at han føretrekk bigami framfor skilsmisse. Denne utsegna (som for øvrig vart retursjert i trykte utgåver av Luther-skrift fram til dei vitenskaplege utgåvene kom for vel 100 år sidan) grunngeve han med at den første kona då blir stilt i ei vanskeleg økonomisk stilling .

Men makthierarki er komplekse og går på kryss og tvers. Slik er det også forskarar som peikar på korleis Luther nett *innan* husstanden likestiller mannleg og kvinneleg autoritet over t.d. barn og tenestefolk. Eit døme på dette er korleis han i begge katekismene omtaler husfaren og husmora på likt vis i relasjon til desse gruppene. Likeeins representerer også reformasjonen ei skulereform, der idealet er at *alle*, både menn og kvinner skal ha utdanning, dvs. lære å lese og skrive for som kristne å kunne ha tilgang til Gud ord gjennom å kunne lese Bibelen. Dette har hatt ein verknadshistorie på lang sikt. Aarhus-historikaren Nina Kofoed summerer det slik: "Som med så mange andre forhold er pointen nok at reformationen (og Luther) rummede elementer af både øget maskulint hierarki og underordning af kvinder, samtidig med et potentiale for ligestilling. Og at den praktiske udnyttelse af disse potentialer har varieret væsentligt over tid og i forskellige konfessionskulturer".

### **Kan reformatorisk teologi vere ein ressurs for feministisk teologi i dag?**

Er det slik at vi, for å kunne tale rett om Gud i dag, må legge bak oss ressursar frå tradisjonelle teologar som Luther? Det mange feministiske teologar har slite med i høve til luthersk teologi er truleg en kombinasjon av (skapar)ordningsteologi og krossteologi som er tilrettelagt som følgjer:

Kvinna skal slå seg til ro på sin faste plass, og der skal ho teie og tole og bere krossen sin (les: Underordning, barnefødsler og slitet for føda) med verdigheit og tålmod. Det er ikkje berre det teologiske språket frå reformasjonen, men også den verknadshistoria språk, symbol og bilete har hatt, som mange feministteologar finn utfordrande. Både det reformasjonsteologane seier og måten desse utsegnene har fungert og kan fungere i konkrete situasjonar står i fokus (jfr. bondeopprøret og utsegner mot jødane). Den amerikanske lutherske teologen Marit Trelstad har oppsummert feministisk kritikk av luthersk krossteologi i fire punkt:

### **Feministisk kritikk mot krossteologi**

Å glorifisere kross og liding og å gjere dette til eit teologisk omdreingspunkt fører 1) til at vi lett handsamar liding som noko gudgitt og uunngåeleg. Dette gjer at vi stiller spørjeteikn ved Guds kjærleiksrelasjon til oss og verda, seier ho: Her blir relasjonen Gud – menneske her sett på formelen helt – hjelpelaust offer, noko som inneber ein patriarkalsk relasjonsmodell. – Vidare blir 2) passiv liding sett på som frelsande. Og 3) kven ber vekta av denne passive, frelsande lidinga? Jo, det er dei mindre privilegerte av oss: Dei undertrykte og dei ressursvake. Og dei som forkynner dette står ofte på undertrykkaren sin side. Til sist peiker ho på 4) korleis desse kan føre til at vi neglisjerer vårt individuelle og personlege ansvar for å gjere noko med årsakene til lidinga og undertrykkinga og let vere å stille dei skuldige til ansvar.

Eg trur denne kritikken har mykje føre seg dersom vi seier at det han rettar seg mot er ein *preskriptiv* skaparordningsteologi og ein *preskriptiv* krossteologi som held passiv underordning i liding fram som eit ideal. Eg lar i det følgjande likevel Trelstad sitt løysingsforslag, nemleg å *gje opp* krossteologi og tradisjonell tale om synd og i staden utvikle ein feministisk, relasjonell paktsteologi ligge. I staden vil eg spørje: Er det andre måtar å snakke teologisk om kross og skaping på som kan framstå som teologiske ressursar for det feministiske prosjektet, og som samstundes kan nytte Luther og reformasjonen som teologisk ressurs i positiv forstand?

### **Mogelege møtepunkt mellom Luther og feministteologi**

Ein annan amerikansk feministteologi, Deanna Thompson, har følgjande som utgangspunkt: ” On good days, I believe that both Luther’s vision for life with the cross at the center, and feminist visions for Christian

repentance and healing, can be brought together in ways that preserve the integrity of both sides. If Luther's theology of the cross is revisited, feminists will be surprised to meet in Luther an ally for thinking through *how* theologians re-imagine and reform dominant, abusive forms of Christianity, and move toward a more faithful, liberating portrait of life lived in response to the gospel message". Thompson hevdar at feministteologar og Luther er samde om følgjande trefaldige hermeneutiske tilnærming til det teologiske prosjektet: Å kritisere, å finne att og å sjå og skape på nytt. Ho peikar på følgjande moglege møtepunkt mellom feministteologi og Luther sin teologi:

Både i Luthers teologiske prosjekt og i det feministteologiske prosjektet ligg det såleis ei innebygd átvaring mot alle sortar herlegdomsteologi. Feministteologien sitt utgangspunkt er, nett som Luthers, å avdekke illegitim makt – det vere seg i kyrkja eller samfunnet – som under dekkje av å kalle seg kristeleg trakkar på andre. For Luther er den Gud som gir seg til kjenne gjennom den krossfeste Kristus antitesen til majestet-guden som rår i herlegdom. Luthers reformasjon redefinerer og omformer makt i kyrkje og samfunn. Dette er også ein del av det feministteologiske prosjektet, peikar Thompson på. Der Luther sjølv kan hende var meir oppteken av institusjonsmakt, peikar feministteologien i tillegg på relasjonsmakt.

Likeins er *erfaringane* si rolle for teologien noko både feministteologar er og Luther var opptekne av. For kyrkje Luther eller feministteologien er teologi noko som går føre seg utelukkande som ei intellektuell øving – snarare er det for Luther snakk om å reflektere over levd, erfart liv under krossen. Kategorien erfaring er også sentral for feministiske teologar: Feministteologien sine krav spring ut av konkret, levd liv. Dette burde vere gode startstader for å bringe feministteologi og Martin Luther i samtale, seier Thompson.

Likevel peikar Thompson på nokre særskilte punkt der det buttar. Som Trelstad peiker ho på korleis syndsforståinga hos Luther og i Luther-resepsjonen er noko mange feministteologar er kritiske til. Luther snakkar om synd som å vere innkrøkt i seg sjølv, og om erfaringa av Guds nåde som frigjer syndaren til teneste for sin neste. Eit kall om å bryte med dette innkrøkte draget ved seg sjølv framstår for fleire feministteologar som eit kall til (ytterlegare) sjølvutsletting og ei forsterking av det livet sjølv og eit patriarkalsk samfunn allereie i tusenvis av år har krevja av kvinner til forskjell frå menn. For mange



kvinner har ikkje det å legge ned livet sitt for andre vore noko dei erfarer seg frisette til, men fanga av og i. Som Serene Jones formulerer det: "What happens to the woman who enters this tale having spent her life not in the space of narcissistic self-definition but in the space of fragmentation and dissolution?"

Her meiner Deanna Thompson at det er avgjerande at vi skjelner mellom *deskriptiv* og *preskriptiv* krossteologi: Det er ikkje den kristne sitt kall å gje seg hen til offer og lidning *for å bli verdige overfor Gud*. Her ligg kjerna i Luther sitt oppgjær med middelalderen sine fromleiksideal. Snarare inneber krossteologi ei skildring av dei vilkåra menneske lever under og at den krossfeste Kristus er solidarisk med desse vilkåra. Men krossen kan berre rett forkynnast i lys av oppstoda, peikar Thompson på: Ein preskriptiv krossteologi forkynner faktisk ikkje evangeliet om Jesu oppstode og fridomen i Kristus, men held i staden fram med å krossfeste oss og halde oss fast i lova og synda sine vilkår. Ein slik preskriptiv krossteologi i kombinasjon med ein preskriptiv skaparordningsteologi er eg djupt kritisk til. Eg meiner også at Thompson lukkast i å vise at ein slik teologi er i strid med luthersk kristendom.

I tillegg til dei punkta Thompson peiker på meiner eg at skapingsteologi, både hos Luther sjølv og i resepsjonen av han, også kan vere ein inngang til samtale mellom feministteologi og reformasjonsarven i dag. Feministisk kritikk av reformatorisk teologi har i stor grad hatt soteriologien, og med dette tema som synd, kross, frelse og forsoning i fokus. Talen om Gud som skapar er mindre undersøkt og reflektert over i feministisk teologi, anna enn som kritikk av skaparordningsteologien. Gjennom skaparordningsteologi av det slaget vi har møtt i kritikken av m.a. kvinnelege prestar og likekjønna ekteskap samt manglande motstand mot nazismen før og under andre verdskrig har talen om Guds skapargjerning hatt en heller reaksjonær funksjon i kyrkja og samfunnet, som forsvar for rådande makt og kultur. Ein slik skaparordningsteologi er likevel heller framand for Luther. Hos Luther har ikkje ordningane i seg sjølv ein skjerma, urørleg status. Dette ser vi både i synet på kyrkja, presteembetet og familie og ekteskap. Ordningane har ikkje legitimitet dersom dei ikkje fungerer slik dei var tenkt, nemleg for å verne om menneske.

I utviklinga av den dynamiske skapingsteologien sin snakkar Luther om menneske som trelar, underlagt kvarandre. Nett kallet frå den andre sitt liv slik det møter meg er staden der Gud utfordrar meg

gjennom skapinga. Kallet frå den andre er i stadig endring. Det er ikkje gitt ein gong for alle kva min neste treng. Slik får også forståinga av skapinga hos Luther ei eit dynamisk preg. Gud talar til meg på mangfaldig vis gjennom min neste. Sjølv om denne teologien er utforma i eit patriarkalsk og klassesdelt samfunn, ser vi også korleis han i nett eit slikt samfunn utfordra det folk heldt for sjølv sagt. Kyrkje vart sett i spel. Institusjonell makt vart sett i spel. Feministteologien set også relasjonell makt i spel og viser korleis denne heng saman med institusjonell makt. Slik blei det tidleg eit feministisk slagord at det personlege er politisk.

Luther sjølv utfordra nok meir den institusjonelle makta enn relasjonsmakt. Feministteologien viser oss at desse heng saman. Men vi veit at også i arbeidet for det gode, i kallet, mot illegitim makt og overgrep skjer det svik, urett og maktmisbruk, trass gode intensjonar. Same om vi vel å bruke ordet synd eller ikkje er desse fenomena der og set ein kile menneske imellom og mellom menneske og Gud. Erkjenner vi ikkje dette, havnar vi fort i den herlegdomsteologien som både reformasjonsteologien og feministteologien er djupt kritiske til, både på det personlege og institusjonelle planet.

Luthers reformasjon endra kyrkja. Feministisk teologi arbeider vidare på dette endringsprosjektet. I kva grad dette krevjer at vi legg bak oss, endrar eller redefinerer klassiske teologiske tema og terminologiar står til debatt. Eg har med dette peika på nokre mogelege punkt der eg meiner samtalen mellom Luther og feministisk teologi kan og bør halde fram, og der sentrale tema frå reformasjonsteologien framleis har aktualitet.

### **Kjelder og tips til vidare lesing**

Frauen und Reformation, den tyske evangeliske kyrkja si nettside om kvinner og reformasjonen i høve reformasjonsjubileet:

<http://www.frauen-und-reformation.de>

Jensen, Roger. 2008. "Ordning vs. skapelse". I: *St. Sunniva* 4/2008

Kofoed, Nina. 2016. "Lighed eller hierarki mellom könnene hos Luther?". Innlegg på Aarhus Universitet sin reformasjonsblogg.

<http://reformation.au.dk/aktuelt/nyheder/nyhed/artikel/lighed-eller-hierarki-mellem-koennene-hos-luther/>

Kofoed, Nina. 2016. "Et patriarkalsk samfunn med begrensninger?". Innlegg på Aarhus Universitet sin reformasjonsblogg.

<http://reformation.au.dk/aktuelt/nyheder/nyhed/artikel/et-patriarkalsk-samfund-med-begraensninger/>

Thompson, Deanna. 2004. *Crossing the Divide. Luther, Feminism and the Cross*. Minneapolis: Fortress.

Kap 5. "On becoming a Feminist Theologian of The Cross" kan leses online her: <http://www.pubtheo.com/papers/deannathompson.pdf>

Trelstad, Marit. 2010. "Putting the Cross in Context. Atonement through Covenant". In: Mary J. Streufert (ed.). 2010. *Transformative Lutheran Theologies. Feminist, Womanist and Mujerista Perspectives*.

Minneapolis: Fortress

<http://www.tf.uio.no/english/research/groups/gender-theology-and-religion/events/2015/atonement-through-covenant---transformative-lutheran-theologies.pdf>

